



Gerhard Larsen
Toppevegen 32
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18815 - 20/82009

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
30.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 197/3 og 197/14 Øvstegård

Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 197/14 og 197
Tiltakshavar: Gerhard Larsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden må signerast av heimelshavar til avgjevareigedomen, gbnr 197/3.
2. Det må leggjast ved situasjonsplan der ein viser kva for areal som vert søkt arealoverført. Det er også ein fordel at ein teiknar inn eksisterande grenser dersom dei viser feil i kommunen sitt kart. Du kan bruke vedlagte kart til å teikne på.
3. Teksten som er fylt ut i punkt nr.3 i søknadsskjemaet er tydelegvis ei forklaring til søknaden. Denne viser ikkje fullstendig. Skriv gjerne på eit eig ark. Eventuelt sjå punkt 5 under.
4. Dersom ny grense kjem nærare nabogrense enn 4 meter frå eksisterande bygningar må det leggjast ved skriftleg samtykke frå nabo.
5. Arealet som vert søkt overført ligg i uregulert område sett av til LNF (Landbruk, natur og friluftsliv) med hovudvekt på landbruk i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Det må derfor søkjast om dispensasjon frå dette arealformålet for arealoverføring til fritidseigedomen gbnr 197/14. Slik dispensasjon må vera godt grunngjeven og skal nabovarslast. Link til veiledning finn du nedanfor:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-ende-eller-rive/nabovarsel/>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

197-14-Kart

Mottakarar:

Gerhard Larsen

Toppevegen 32

5136

MJØLKERÅEN